



---

**Portrettet;  
Mannen bak  
Langeland Foto**

---





Etter Langeland fekk ein son for to år sidan, er barnefotografering blitt ein favoritt, men magien under bryllup er det største han er med på som fotograf.



## Gjennom linsa til Langeland FOTO

Ivar Langeland er mannen som driv Langeland Foto – eit einmannsføretak som såg lyset i 2005. Sidan den tid har han fylt både arkiv, veggjar og harddiskar med mange, mange tusen foto.

Det var på ungdomsskulen interessa for foto dukka opp for fyrste gong, med valfag i 8. klasse. Det vart lidenskapen hans, berre med eit lite avbrekk i bil, før han var tilbake på den vante stien igjen, og knipsa vidare.

- Det byrja med eit kamera, eit objektiv, så eit nytt og betre kamera og eit nytt og betre objektiv. Det vart meir og meir, og betre og betre utstyr, smiler den nikonfrelste 33åringen. Per i dag har han heilt feitt utstyr, meir enn han treng, i følgje han sjølv, to studio og fleire års erfaring som profesjonell fotograf.

### Sjølvlært og kursa

Eg spør kvar han har lært fotofaget, og han svarar at han er sjølvlært. Diploma på veggen vitnar likevel om at noko kunnskap har kome utanfrå. Kurs i akt og kroppsphotografering med Knut Hoftun Knutsen. Mote og portrettfoto med Bjørn Opsahl. Mat- og reklamefoto med Ivar Greftegreff.


Han fortel om korleis kursa var opplagt, og eg sluker det rått.

- Me skulle ta reklamefoto for ein salat dei selte på Deli de Luca, og det første me gjorde var å gå på butikken for å handla nye grønnsaker. Alt skulle sjå friskt og fint ut, og me måtte kjappa oss med bileta våre, for lyset gjorde at salaten fort vart stygg, vert eg fortalt. Alle ingrediensane skulle visa, og resultatet skulle vera fabulous.

Så det er slik reklamebransjen fungerer, tenker eg. Løgn og forfining. Eller salstriks og å trekka fram det beste i produktet? Gi meg eit reklamefotokurs, tenker eg. Det høyrer fantastisk ut.

### Elitar og inspiratorar

Ivar Langeland er ein rolig kar. Behageleg å omgås, og med mange historier og mykje kunnskap som han gledeleg deler. Han dreg fram nokre bøker, og fortel om andre fotografar.



Dette fotoet er det bildet Langeland har fått mest respons på gjennom tidene. Det har fanga stor interesse i internasjonale fotoforum, og er blitt ein hjørnestein for fotografen.

Til dømes Hans Jørgen Brun, som i følgje seg sjølv er ein elitefotograf. Bileta i boka hans underbygger elitetittelen, og eg spør om han er ein av Langeland sine idol.

- Nei, han er i grunn ikkje det. Han er litt sær, tykkjer eg, smiler han, og held fram med å visa meg andre fotografar, bloggar og fotosider.

Thomas Doering er ein fotograf som ligg nærare Langeland sitt uttrykk, og han er blitt inspirert til fleire av bileta sine av å studera Doerings arbeid. Me er no inne på kunstbilete innan aktfotografering, primert i svart og kvitt.

### Første akt

Dette er eit kapittel for seg sjølv hos Langeland Foto. Etter akt-kurset førestilte han seg at han ikkje kom til å få praktisert sine nye ferdigheter i den vetle kommunen Kvinnherad der han har sitt virke. Han rekna med at det ikkje kom til å vera nokon som ville våga å stilla opp på noko slikt lokalt – men den gong ei. Ei jente stilte opp til fotografering, la bileta sine rett på facebook, og jungeltelegrafan var i gong.

I løpet av eitt år hadde Langeland 104 ulike jenter innom i studio på den type fotografering. – Nesten i overkant, fortel fotografen.

Ein av grunnane til at det vart i overkant var at han tok bileta gratis i mot erfaring, sokalla TFP – time for print, og det var det dei fleste av personane som var innom var ute etter. Mange bilete vart tatt, mykje erfaring, men ikkje all verden med løn for arbeidet. TFP er vanleg for å fylla opp portfolien sin, både for modellar og fotografar, slik at ein kan visa attende til bileta, og forhåpentlegvis bli engasjert og betalt av andre på grunnlag av godt arbeid.

### Opplys meg

Langeland guidar meg gjennom fleire aktbilete i pc-arkivet, og fortel om korleis han har jobba med lyssetjing på kvart av dei, og kva type lys som gjev det eine og andre lyset. Grøn som eg er, er det lite eg eigentleg forstår.

Heilt til eg plutselig står i studioet med beauty dish og softbox og spot og hairlight som lyser meg opp og ned, medan fotografen fortel og flyttar på lampar, forklarar om korleis ein får fram den eine og andre skuggen. Eg byrjar å fatta teikninga. Det er eit hav av moglegheiter i eit studio. Og lys er mykje meir enn berre lys...

Men fotografen er vel so mykje ute av studioet når han er på oppdrag. Bryllaup vert nemnd som den moglege favoritten av alle oppdraga han får.

- Det er noko med stemninga den dagen, magien. Det er spesielt å vera med på, tykkjer han. Forutan magien, nemner han også tida som er lagt ned i å bli pynta til dagen – ofte fleire timar i frisørstolen og for seg gjort sminke. Det gjer seg jo godt på bilete.

Eg stadfester for meg sjølv at dette er ein fotograf som likar menneske, og som tykkjer det er kjekt å ta bilete av slike. Sjølv om han tar andre bilete og, av landskap, dyr og ting, er det likevel menneska han har i fokus. Og eg oppfattar det som ein lidenskap.

Korleis trur du det vert i framtida, undrar eg. - Heilt realistisk? Han tenkjer litt. – Eg trur nok eg framleis held på om ti år. Og om tjue, spør eg. – Eg held nok på om tjue og.